

# låvende saker 2011



FAMILIEDAG  
AASMUND NORDSTOGA OG LOKALE BARNEKOR  
SPELMANNSLAGET SPIRA MED GJESTER  
"LET IT ROCK" MED FRODE ALNÆS,  
TRUBADURER OG SPELMENN  
SIGRID MOLDESTAD MED BAND  
GARDMILLOM PÅ RUDI  
RUDIUTSTILLINGA - TORSHEIM, ROSENBERG, DUFOSSE  
SUNDSLI, MADSHUS, BERGDØLMO OG SLÅEN  
KAMMEROPERAEN "SUSANNA FRÅ SUNNFJORD"  
MARI'S TREKANT  
PØBBKONSERT MED INGE GJEVRE  
FAMILIEKONSERT OG SÅMMÅRFEST MED VON  
SETERDAG PÅ VALSETER  
PEER GYNT MIDDAG  
DØLAROCK MED BAKSIA  
KVITNES, FJELD, HELTBERG OG KVARTS  
SHEEP O HØY OG BELFAST LADS  
HEIMGJORT JULBORD  
JULMARTNA MED MAT OG HÅNDVERK  
ROMJULSKONSERT I SØR-FRON KYRKJE  
RAGNHILD OG ELDBJØRG HEMSING



Rudi Gard

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# Kva er nytt?

Vi blir alle møtt med denne utfordringa. Publikum, presse og vi sjølve spør.

Det er spennande å søkje etter det nye, og etter tolv år med Låvende saker har vi fortsatt iver etter å skape nytt. Det ligg potensial i nyskapande utvikling mellom bygd og by, mellom populærkultur og tradisjonsformidling, mellom landskjendisar og lokale stjerner, mellom ung og gamal.

Samtidig blir vi ofte minna på verdien av å ta vare på det som finst. Det som er bra og fungerer! Når vi nå inviterer gjester til gards er det i forvissing om at landskap og hus, mat og folk held mål. Ei langt større trygghet enn i oppstarten.

Låvende saker 2011 er sett saman i skjeringspunktet mellom fornying og bevaring, og vi håper menyen smakar.

Kjære publikum, artistar og gode hjelpere – velkome til det tolvte året med Låvende saker på Rudi Gard!

Beste helsing  
NINA & ØYSTEIN RUDI – vertskap

*Som innehavar av Olavsrosa er Rudi Gard ein framifrå eksponent for aktiv formidling av kulturopplevingar og levande kulturarv. Gjennom respekt for gamle tradisjonar, samtidig som vertskapet har vilje og evne til å aktualisere historia i nåtida, synleggjer Rudi Gard Norsk Kulturarvs visjon "vern gjennom bruk" på førsteklasses vis.*

*Mathias Øvsteng, Norsk Kulturarv*



# Familedag

## Med dyr, motor, håndverk & mat

**Søndag**  
**29. mai**

frå kl  
12.00



Ein hyggeleg utfluktsdag med aktivitetar og servering for heile familien; Store traktorar, firhjulingar, minigravar, gråtass og rautass, kalvemønstring, brungris, geit, alpakka og kanin, vedkløyving, barneridning, hest og kjerre, TINE-stand, miniatyrskyting, pil og båggå, veterankjøretøy, mat, husflid og håndverk mm.

*Billett kr 90,-*

KI 12.00 FOREDRAG: Pensjonssparing for bønder v/ Sparebank 1 Gudbrandsdal

KI 13.00 KALVEMØNSTRING v/ Sør-Fron Bondelag

KI 14.00 OPNING AV UTSTILLING

med Rolf Bergdølmo & Ragnhild Slåen

Frå kl 14.00 byr kjøkensjefen på familiemiddag.

- Rudikål eller kjøttkaku, og riskrem eller is.

*Middag kr 140,- / 70,- u 12 år*



# Familiekonsert

## Frå PÅL SINE HØNER til HABA HABA

**Søndag**  
**29. mai**  
kl 18.00

Sprelske konsert for heile familien med Aasmund Nordstoga, barnekor fra Sør- og Nord-Fron og Ringeby, Sør-Fron juniorspelemannslag og elevar frå folkemusikklinja ved Vinstra Vidaregåande skule.

*Billett kr 150,- / 100,- under 18 år*



# Folkemusikk & dansekveld

**Fredag**  
**10. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Rudikål

Spelmannslaget "Spira" spring ut frå folke-  
musikklinja ved Vinstra vidaregåande skule,  
og denne kvelden har dei invitert venner frå nær  
og fjern til folkemusikk og dansekveld.  
Mellom dei som kjem er Hallingdal junior-  
spelmannslag og Follidal spelmannslag.  
Dans, spelmannspøbb og ope scene  
etter konserten.

*Billett kr 150,- / 100,- under 18 år.*

## "Let it rock"

### Frode Alnæs, trubadurer, husband og spelmannslag

**Fredag**  
**17. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Matbord  
frå  
Rudigrillen

Frode Alnæs er  
mellom landets  
beste gitaristar, og  
ein suveren humorist  
Soloshow med Alnæs  
kl 20.30.

Etter konserten blir  
det trubadurmusikk,  
rock'n roll og jam  
med Arild Skar,  
Trond Halle, Terje  
Iversen og Frode Alnæs.  
Husbandet denne kvelden  
er Tormod Myrvang,  
Morten Kvaal og Svein  
Ivar Sæther, og Sør-Fron  
Spelmannslag byr på  
gammaldanspøbb i Tryskarlåven.

*Billett 270,- / 100,- u 18 år.  
18 årsgrense etter konserten.*



Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# Sigrd Moldestad

## med band

**Søndag**  
**26. juni**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

MENY  
Grilla  
Dølafe

Songaren, historieforteljaren og felespelaren Sigrd Moldestad lagar musikk som leikande lett svingar innom både blues, country, bluegrass og pop, men som likevel har folkemusikk som grunntone. Ein konsert som svingar rått og røft i det eine sekundet til det heilt låge og vare i det neste. Saman med muskarane formidlar Sigrd musikken og kjærleikshistoriene på ein måte som sit igjen i deg. Lenge...

*Billett kr 250,- / 100,- under 18 år*

*"...en av årets sterkeste låtopplevelser"*  
*Carl Petter Opsahl i VG*

Billettar: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

# Gardmillom

## På RUDI GARD

**Fredag 22. juli - søndag 31. juli**

### Velkome til ei trivleg stund på garden

Du kan rusle i kunstutstillinga, oppleve dyr på garden, ta ein matbit i gardskafeen, eller rett og slett berre sjå på utsikta og kose deg.

For ungar er det alltid gjevt å få helse på geiter og killingar, kaniner eller dei tre heidersgrisane. Under Gardmillom vil vi også ha Alpakka på beite, og Gråtass er fast på tunet.

*Gratis inngang*

Ope gard kvar dag  
kl 12.00-16.00

#### Meny

Kaffe & takk-kaku  
Rømmegraut  
med spekemat



Gardmillom går dei to siste helgene og veka mellom desse i juli kvart år. Kulturgardar i Gudbrandsdalen byr på konsertar, teater, matopplevingar, utstillingar og mykje meir.

**Fullstendig program på [www.gardmillom.no](http://www.gardmillom.no)**





**Opning søndag 24. juli kl 19.00**

# RUDIUTSTILLINGA 2011

Rudiutstillinga er eit besøksmål for mange, og er open dagleg under Gardmillom og Peer Gynt stemnet.

Rudiutstillinga er også open ved alle kveldsarrangement.

Møt spennande kunstnarar innan fleire sjangere.

*Gratis inngang*

Ope utstilling

kvar dag

kl 12.00-16.00

**ODDVAR TORSHEIM** bilder

**PER ROSENBERG** bilder

**MARIT MADSHUS** keramikk

**MARCEL DUFOSSE** fransk smijernskunst

**BERIT SUNDSLI** skinnfell

**ROLF BERGDØLMO** bilder

**RAGNHILD SLÅEN** bilder



# Kammeroperaen

## “Susanna frå Sunnfjord”



**Søndag**  
**24. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

Utstillings-  
opning  
kl 19.00

**MENY**  
Grilla kalve-  
medaljong

Året er 1786 og Mozart har tilbrakt ein sommar på vestlandet. Han er forelska i gardsjenta Susanna frå Sunnfjord og bestemmer seg for å skrive ein opera til henne og den skal framførast om nokre veker i Wien. I operaen skal Susanna spele Mona som slit med forholdet til Disco-Lars. Mona vil finne tilbake til den ho var og bestemmer seg for å starte på nytt i Hellas. Vil dette vestlandske universet gjere suksess i Wien? Og korleis vil det gå med Susanna, Eg og meg og Mona?

Vi møter Susanna gjennom øvingsperioden der ho blir forstyrta av mygg, postmannen og den irritable regissøren Wolfgang Oddvartzen.

*Billett kr 190,- / 100,- under 18 år*

Av og med Jorunn Torsheim som Susanna og Erlend Samnøen som Postmann/Wolfgang Oddvartzen, i samarbeid med W.A Mozart og Oddvar Torsheim. Piano: Tove Kragset

Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# “Maris trekant”

## Musikalsk såmmårhumor i Rudilåven

**Onsdag  
27. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

**MENY**  
Grilla kalve-  
medaljong

Årets nyskaping er ei humoristisk slagerparade med kjente hits frå dei store scener.

MARI MAURSTAD er stamartist på Rudilåven – ingen sommar utan!

LINDA ØVREBØ er sanger, og er kjent som Solveig i Peer Gynt ved Gålåvatnet.

NILS CHRISTIAN FOSSDAL kjem frå Stavanger, og gjorde mellom anna stor lykke i suksess-musikalen “Mamma Mia” på Folketeatret.

JAN IVAR LUND var danser i fjorårets forestilling “Mari og Håkon rir igjen”,

og lokal kapellmester er VEGARD MOSHAGEN.

Velkomen til eit fyrverkeri av ei konsert-forestilling!

*Billett kr 330,-*

foto Mari Maurstad: Sturla Bakken





# Pøbbkonsert med Inge Gjevre

**Fredag  
29. juli**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

## MENY

Grilla kalve-  
medaljong

Inge Gjevre er spelmann og "durspelguru" frå Vågå. Han er kjent som solist, og frå meir enn 20 år med kultbandet "Jutullaget".

Dei siste åra har Inge laga mykje eigen musikk, og han er aktuell med ein rykande fersk dobbelt-cd saman med eit knippe favorittmusikarar. Stein Villa er ein av desse, og han er også med i kveldens konsert i låvepøbben på Rudi.

Etter konserten er det ope scene.

*Billett 190,- / 100,- under 18 år.*

*Dette var utvilsomt toppen på turen vår. Og jeg skal love deg at flere av oss vil komme igjen, kanskje alle? Jeg sprer det "gode budskap" til alle jeg treffer! Ha en fortsatt fortreffelig høst!*  
Bioforsk, Tingvoll

# Familiekonsert & stor sammårfest med **VON**

**Laurdag  
30. juli**

Ope gard  
frå kl 18.00

Familie-  
konsert  
kl 19.00

## MENY

Matbord frå  
Rudigrillen

VON kjem frå Heidal i Gudbrandsdalen, og har dei siste åra gjort det stort med låter på sitt eiga morsmål. Opplev amerikanskinspirert musikk med tekster på heidøl – ein fabelaktig kombinasjon! Folkeleg, inderleg og VON'sk! Vi starter kvelden med familiekonsert. Etter konserten byr vi på stor grillmiddag, før kvelden går over i sammårfest til dei små timar. *Billett kr 290,- / 100,- under 18 år. Aldersgrense 18 år etter middag.*



## VON er

GEIR SLETTEN vokal og gitar

OLE JOHNNY BEKKEMELLEM gitar, vokal og mandolin

ODD HALVARD SÆTERDAL gitar

ERIK HOLEN bassgitar

ERLING LID trommer og percussion

VEBJØRN HOFF hammond og piano

# Seterdag

## på Valseter

**Søndag**  
**31. juli**

kl 12.00-16.00

**MENY**  
Rømmegraut

Det er stas å opne til seterdag på Valseter, der Anne Hov laga den aller første Gudbrandsdals-osten. I samarbeid med resten av seterfolket inviterer vi til trivselsdag for heile familien.

Det blir seteraktiviteter og håndverk, smak av mysusmør i Solbraasetra, dyr på beite, kunstutstilling i Grøntuvsetra og musikk. Sal av kaffe, vafler, takk-kaku og rømmegraut. Mjølkebilen og Gråtass går frå parkering ved Gålå Skiarena.

*(gratis inngang)*



Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



## Peer Gynt ved Gålåvatnet og overnatting på Rudisetra

Rudisetra byr på sjarmerande overnatting for teatergjester som også vil ha ein smak av seterlivet. Kom til fjells midt på dagen. Slapp av i setermiljøet før de rusler ein liten kilometer til teaterscena og opplever Peer Gynt ved Gålåvatnet.

Vi tek imot grupper frå 2 til 20 personar fordelt på fire hytter. Setergrenda er også arena for daglege opplevingsturar "Til selet" i regi av Svein Sturla Hugnes.

## Gynt-middag på Rudi Gard



**Onsdag 3. august til laurdag 13. august**

Under Peer Gynt stemnet byr vi på middag i trivleg gardsatmosfære – ei god opptakt til store opplevingar ved Gålåvatnet eller i Fryajuvet.

Menyen er inspirert av Peer på bukken: Reinsdyrfilet servert med blåbærsaus og ovnsbakte mandelpoteter, sellerirotmos og grønnsaker. Friske bær med kryddersirup piska i Avdemrømme til dessert

kr 390,-

Forhåndsbestilling: [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no) / 91 38 53 88



Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

# Dølarock med BAKSIA & musikkvenner

Laurdag  
13. aug.

kl 21.00

Ope gard  
frå kl  
19.00

## MENY

Heilgrilla  
kulturgris



Kultbandet BAKSIA er fast inventar ein gong årleg på Rudi Gard. Dette er kvelden du møter gamle kjente og får gjenhøyr med legendariske dølarock-låtar som aldri blir for gamle.

*18 årsgrense (Bill kr 290,-)*

Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



# Bedriftsarrangement, jubileum og gjestebod på Rudi Gard

AKTIVITETAR OG EIT GODT MÅLTID før forestilling eller konsert er eit populært tilbod. Vi byr på spennande mat frå eit velrenomert kjøken, servert i rom som høver for alt frå 2 til 250 gjester ved bordet.

Grupper kan også leige Rudi Gard til eigne arrangement, og saman med gode medhjelparar tilbyr vi aktivitetar som:

"BONDEACTION"

OPPLEVINGSTUR LANGS PILGRIMSLEIA

AKTIVITETSLØYPE

RAFTING ELLER BRETUR

FISKETUR ELLER ANDRE OPPLEVINGAR UTANFOR ALLFARVEG

- vi kjenner dalen...

RUDISETRA ER TIL UTLEIGE HEILE ÅRET, og vi lager gjerne spennande pakker saman med arrangement på Rudi, eller med mat- og naturopplevingar. Opplev eit trivleg setermiljø, dyr på beite og eit velstelt landskap, og fantastiske moglegheiter for fotturar, sykling, skiturar og friluftsliv.

Ta gjerne kontakt slik at vi saman kan starte planlegginga av ditt arrangement. Tlf 91 38 53 88 / [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no)



**SpareBank**  
GUDBRANDSDAL



*Med utgangspunkt i våre verdier, nær, dyktig og fremtidsretta, valgte vi Rudi Gard som arena for vår feiring av bankens 150 års jubileum.*

*Nærhet i planleggingsfasen, kulturinnslag og matopplevelse i toppklasse og en totalopplevelse hvor tradisjon og fremtidsstro gikk hånd i hånd, gjorde arrangementet til en opplevelse vi vil minnes med glede. Rudi Gard tilfredsstilte våre forventninger og enda litt til .....*

*SpareBank 1 Gudbrandsdal, adm. banksjef Per Ivar Kleiven*

FRÅ PUBLIKUM

Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)



Foto: Knut Utler

"Når man blander Drabantby-romatikk, Drammens sjel, og Skjærgårdsflirt med lukten av fjellvier og multemyrer – da begynner man å ane bakteppet til den musikalske vandringen Hilde Heltberg, Jonas Fjeld, Henning Kvitnes og Kvarts legger ut på i sommer.

Når lyden av høyfjell og dype skoger sniker seg inn mellom bølgeskvulp, trimmede Zundapp-mopeder og skranglingen fra T-bane og morgenrush. Der begynner det; "Mellom Fjord og Fjell".

Med seg i rypesekken og under koffertlokket har de med seg et knippe sanger og musikkstykker som er udødeliggjort og dypt rotfestet i den norske folkesjela, og sammen skaper de et musisk festmåltid basert på lokale råvarer – i uvanlige kombinasjoner".

# "Mellom Fjord og Fjell"

**Kvitnes, Fjeld,  
Heltberg og Kvarts**

**Onsdag  
17. aug**

kl 20.30

Ope gard  
frå kl 18.00

## **MENY**

Heilgrilla  
kulturgris

Med:

HENNING KVITNES, JONAS FJELD  
og HILDE HELTBERG

KVARTS: JO ASGEIR LIE, ØYSTEIN RUDI,  
TOM W. RUSTAD og ERLEND STYVE

BEN BASGÅRD, BIRGER MISTEREGGEN og  
TOR MAGNE HALLIBAKKEN

*Konserten kan bli utandørs.*

*Forhåndskjøpte billetter får i så fall reservert  
dei beste felte framfor scena.*

*Billett kr 450,-*

*Beste Øystein med familie og medarbeidere! Tusen takk for et helt fantastisk opphold på Rudi Gard! Konsert, forberedelser, gården og omgivelsene som ramme og det kulinariske, ja hele opplevelsen totalt sett var rett og slett makeløs for alle oss i NRK-flokken.*

*Alt godt fra alle oss!*

*John Fullmann, KORK*

FRÅ ARTISTAR

Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

# Sheep o Høy

## Bondeaction på sitt beste!

**Laurdag**  
**10. sept**

frå kl 18.00

**MENY**  
Heilgrilla  
lam



Fartsfylt bonde-action er tradisjon på Rudi Gard i september. Verdas beste sauklypparar kjemper mot skotske Simon Bedwell sin fantastiske rekord frå 2010 på 21,29 sekund.

Heilgrilla lam blir servert frå kl 18.00.

Før klyppeshowet blir det stor konkurranse i taugtrekking, og etter klyppeshowet kjem THE BELFAST LADS med irsk saueklypparmusikk på sitt beste.

Med storskjerm, musikk, BJØRNAR BAKKEN som hovedspeaker, og horder av engasjert publikum er dette ei festforestilling!

*Bill kr 490,- inkl heilgrilla lam / 290,- utan servering*



"Tusen takk for gode folkelige opplevelser med høy kvalitet gjennom mange år! Vi setter pris på måten dere jobber ved å involverer nærmiljøets lag og foreninger - det gir positive ringvirkninger. Rudi Gard er i stadig utvikling, vi er stolte av å være samarbeidspartner og vi er alltid fornøyd med måten vi blir møtt som gjester. – Lykke til med en ny låvende sesong!"

Bjarne Slapgard, adm dir Gudbrandsdal Energi



**Fredag**  
**2. des**

**Laurdag**  
**3. des**

kvar kveld  
kl 19.00

**Laurdag**  
**10. des**

# Heimgjort julbord

VI BYR PÅ EKTE, HEIMGJORT JULMAT  
SLIK DET VAR PÅ GARDANE  
I GUDBRANDSDALEN FØR I TIDA.

Vår varme velkomstdrink blir servert i det gamle fjøset, og når du kjem opp i låven er stemninga sett for ein trivleg kveld. Sylte, juleskinke og alle dei andre slaga er gjort av kjøkenfolka og gardens folk dei siste vekene. Vi deler serveringa i kalde rettar, varme rettar og dessert med minst sju slag julekaker. Mellom serveringane blir det musikk og underhaldning som krydrar maten slik det høver ein gudbrandsdalsk førjulskveld. Og etter maten blir det variert dansemusikk og trivleg samvær.

*Velkomstdrink, heimgjort julbord, underhaldning og fest kr 740,-*

## Underhaldning ved bordet & god dansemusikk:

FREDAG 2. DES

Håkon Sveen m.fl. og dansemusikk ved Moshagen & Myrvang

LAURDAG 3. DES

Håkon Sveen m.fl. og dansemusikk ved Nye Ringnesin

LAURDAG 10. DES

Vox Vaala, Sveen & Kveli og dansemusikk av Moshagen & Myrvang

Billetter: [www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)





# Julmartna i Rudilåven

**Søndag  
4. des**

**12.00-16.00**

MED MANGFALDIGE UTSTILLARAR,  
SERVERING, MUSIKK OG GODLUKT I LÅVEN  
ER DETTE AV ÅRETS TRIVLEGASTE DAGAR.

Eit godt høve til å skaffe julegaver er det  
også. Blant utvalet er julekaker, handarbeid  
av dei fleste slag, knivar, gudbrandsdalsmat,  
tresløyd, ullprodukt, kornband og jultre  
med mykje meir.

*Gratis inngang*





# Romjulskonserert i Sør-Fron kyrkje


**Fredag  
30. des**

kl 20.00

## KVARTS & HEMSING MED MUSIKKVENNER

Eldbjørg og Ragnhild Hemsing er mellom gjestene når Øystein Rudi og KVARTS får med seg gode musikkvenner til ny romjulskonserert i Sør-Fron Kyrkje. Konserten byr på kjent og kjær musikk som høyrer jula til – og nokre overraskingar...

*Billett kr 290,- / 100,- under 18 år*



## Kanefart til og frå kyrkja

frå Rudi Gard

kl 18.00

Parker bilen på Rudi. Samling omkring bålet med varm drikke før kyrkjetur med hest og slede, bjøller og faklar gjennom vinterkvelden.

*Samlebillett konsert og kanefart kr 690,- / 390,- under 15 år.*

*Førehandsbestilling på kanefart: oystein@rudigard.no / 91 38 53 88*



## Eit godt måltid før forestilling...

Før alle konsertar og forestillingar byr vi på middag, eit populært tilbod for privatpersonar, bedrifter og vennelag.



### MATBORD FRÅ RUDIGRILLEN

*- raust, rikeleg og smakfullt*

Softige grillstykker av gris og okse krydra med eigne marinader og urteoljer.

Grilla laksefilèt med kryddersmør

Lammepølser fra Annis pølsemakeri

Potetsalat m/rømmedressing & sennepsdressing med urter frå Aukrust.

Tomatsalat med betaost fra Avdem gardsysteri

Heimbåå brød frå eige kjøken.

Rabarbra med jordbær, piska Avdemrumme med kryddersirup og heimbåå rummebrød

kr 290,-



### GRILLA FILET AV DØLAFE

*- ein kjøttkvalitet utanom det vanlege*

Ur-gener og godt beite gjev kjøtt med fin struktur, mørare enn vanleg storfekjøtt.

Med saltbakt tomat og Tromsnespoteter,

sommarens grønsaker og langtidskokt raudvinssaus.

Fløtepudding med Avdemrømme og

myntemarinerte jordbær til dessert

kr 350,-



### HEILGRILLA

*- kulturgris, kalv eller lam*

Heilgrilling er eit varemerke - ein spennande foredling av fantastiske kjøttvarer.

Med eit rikt utval av salatar, grønsaker og poteter frå Gudbrandsdalen smaksett med urter frå Aukrust.

Dressing, saus og heimbåå brød er frå eige kjøken.

Bokkøl og blautkaku til dessert.

kr 390,-

### GRILLA KALVEMEDALJONG

Kalvemedaljong surra i steikt flesk med krema peparsaus.

Ovnsbakte Tromsnespoteter og sommarens grønsaker.

Friske bær med kryddersirup

piska i Avdemrømme til dessert.

kr 330,-



### REINSDYRFILET MED BLÅBÆRSAUS

Reinsdyrfilet servert med blåbærsaus

og ovnsbakte mandelpotet sellerirotmos og grønsaker.

Friske jordbær med kryddersirup

piska i Avdemrømme til dessert

kr 390,-



## HOVUDSAMARBEIDSPARTNARAR



**Gudbrandsdal Energi**



## SAMARBEIDSPARTNARAR

WAD AHL



## OFFENTLEGE MEDSPELARAR



# BILETTAR

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

tlf 400 38 005

[www.billettservice.no](http://www.billettservice.no)

tlf 815 33133



Billettar blir seld ved inngangen så lenge det er plass.

Billettprisar er inkludert avgift

På konsertar og forestillinger med stoloppsett er det nummererte plassar i Rudilåven. Du kan sikre deg kremplass ved å vera tidleg ute med billettkjøpet.

Med atterhald om  
programendringar

Rudi Gard ligg langs E6, 70 km nord for Lillehammer

Koordinater: N: 68 27 190 Ø: 54 82 00



## Overnatting

Sykkylven Grytting

61 29 85 88

[www.grytting.com](http://www.grytting.com)

Gåla Høgfjellshotell og hytter

61 29 76 00

[www.gala.no](http://www.gala.no)

Wadahl Høgfjellshotell

61 29 75 00

[www.wadahl.no](http://www.wadahl.no)



# Rudi Gard

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

E-post: [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no) - Mob 913 85 388

Post: Rudivegen, 2647 Sør-Fron